

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VII. EITT- OG TO-ORDSINNSKIFTER UTAN SETNINGSFORM

[854] N-26357. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 44; 1990b: [37].)

Innskrifta står på eit avbrote trestykke, 92 mm langt og med eit elliptisk tverrsnitt på 25 x 4-5 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, hovudfase 8. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til perioden mellom første og siste kvartal av 1200-talet. Det er runer på ei side. Innskrifta er 50 mm lang og runene 22 mm høge. Siste rune står i god avstand frå den avbrotne kanten av pinnen. Etter siste rune, frå ei line som kan dragast nokolunde parallelt med denne og ut til brotkanten, er overflata avskala. Det er ikkje spor etter noka rune i sjølve brotkanten. Runene lutar framover slik at heile innskrifta ligg litt på skrå. R. 2 har vesentleg lengre kvist enn r. 3. R. 4 er svakt i risset og litt uklår. Med eit visst atterhald synest det likevel å måtta oppfattast som kort **s**. Nedre del av staven på r. 5 er skadd eller nedsliten. Det synest likevel sikkert å lesa teiknet som **o**.

ƿ ʀ ʀ' (?) ʀ [---

k l a s(?) **o** [---

Klas O[-- (?)

Slik innskrifta er bevart, er det tvilsamt om ho kan gi språkleg meining. Lind (1920-21:202 og 1905-15: 691) gir eit (til)namn *Klasi* med belegg både frå Island og Noreg i den perioden som kan vera aktuell for dette funnet. Sekvensen **klaso**[-- vil likevel vanskeleg kunna identifiserast med det namnet. I materialet frå Bryggen i Bergen finst sekvensen **klasa** på ei side i ei innskrift (N640). Liestøl har med atterhald gjort framlegg om at sekvensen skal lesast som *Klas á* ('Klas eig'), der *Klas* er sett som kortform av mannsnamnet *Niklas* (*Nikulaus*) som elles ikkje er noko uvanleg namn i mellomalderen. R. 1-4 i innskrifta her vil isolert sett kunna tolkast på same måte og såleis stø Liestøls tanke. I tilfelle kunne r. 5 vere første rune i eit tilnamn, eit patronymikon e.l. Slik innskrifta er bevart, har vi likevel ikkje bindande argument for ei slik tolking. Det lyt såleis bli ståande ope kva meininga med denne innskrifta har vore.